



Sveio kommune

Møteprotokoll – Eldrerådet

Utval: Eldrerådet
Møtestad: Formannskapssalen
Dato: 16.11.2023
Tid: Kl. 13:00

Følgande medlemmer møtte:

Helge Matre
Rakel Øyerhamn
Helge B Sveen
Solfrid Lier Habbestad

Forfall:

John Gustav Eilerås

Vara:

Aslaug Kinn

Endring av saklista:

Ingen.

Endring i tal på medlemmer til stades:

Nestleiar Helge Matre leiar møtet, då leiar hadde forfall.

Til stades frå administrasjonen:

Politisk sekretær Bjarte Stølås Storli

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel
033/23	Godkjenning av innkalling og protokoll
034/23	Referat og meldingar
035/23	Orienteringar
036/23	Val av leiar og nestleiar – Sveio eldreråd
037/23	Folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023
038/23	Handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024

033/23 Godkjenning av innkalling og protokoll

16.11.2023 Eldrerådet

Behandling

Politisk sekretær informerte om at melding om innkalling framover vil komma pr. e-post, no nå kontaktinformasjon til alle medlemmene er samla inn.

Eldrerådet bad om at møtestart i 2024 blir kl. 14.00 i staden for kl. 11.00.

ELR - 033/23 Vedtak:

Innkalling dagsett 10. november 2023 blir godkjent.

034/23 Referat og meldingar

16.11.2023 Eldrerådet

Behandling

Nestleiar kommenterte referatsakene:

Rettleiaren om saksbehandling i folkevalde organ er tilgjengeleg i møteportalen og på nett for dei som ønsker å lesa denne.

Politisk sekretær vil senda ut lenke for påmelding til eldrerådskurset pr. e-post til alle faste medlemmer og varamedlemmer. Den digitale modulen vil bli gjennomført i fellesskap på kommunehuset. Kommunen vil dekkja reiseutgifter for alle som ønsker å delta på den fysiske modulen.

ELR - 034/23 Vedtak:

Referat og meldingar blir tatt til orientering.

035/23 Orienteringar

16.11.2023 Eldrerådet

Behandling

Solfrid L. Habbestad viste til at Haugesund kommune har sertifisert tre av sine sjukeheimar som "Livsgledeheimar" og spurte om dette har vore vurdert i Sveio kommune.

Aslaug Kinn stilte spørsmål om Sveio kommune har vurdert å tilby psykologtilbod til eldre.

Politisk sekretær formidlar begge spørsmål til kommunalsjef for helse og omsorg.

Politisk sekretær informerte om at midlar til tiltak for auka digital kompetanse for eldre vil bli overført til 2024.

ELR - 035/23 Vedtak:

Informasjon gitt blir tatt til orientering.

036/23 Val av leiar og nestleiar – Sveio eldreråd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio eldreråd vel følgande person til leiar: ...
2. Sveio eldreråd vel følgande person til nestleiar: ...

16.11.2023 Eldrerådet

Behandling

Nestleiar informerte om at John Gustav Eilerås har formidla at han er villig til å halda fram som leiar for ein ny periode, mens Helge Matre er villig til å halda fram som nestleiar for ein ny periode. Begge blei valde med akklamasjon.

ELR - 036/23 Vedtak:

1. Sveio eldreråd vel følgande person til leiar: John Gustav Eilerås
2. Sveio eldreråd vel følgande person til nestleiar: Helge Matre

037/23 Folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023

16.11.2023 Eldrerådet

Behandling

Fleire tok ordet i saka.

Eldrerådet vedtok samrøystes følgande tillegg til rådmannen sitt framlegg:

- Helse- og levekåra til eldre må styrkast.
- Det er viktig å stimulera til folketalsvekst.

ELR - 037/23 Vedtak:

Eldrerådet si tilråding:

1. Sveio kommunestyre tek folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023 til etterretning.
2. Oversiktsdokumentet skal vera eit av grunnlagsdokumenta for ny planstrategi for Sveio kommune.
3. Det må leggjast særskilt vekt på desse folkehelseutfordringane i det vidare planarbeidet:
 - Grunnleggjande dugleikar i skulen.
 - Fysisk aktivitet i nærmiljøet og rett kosthald for å førebyggja overvekt, fedme og dårleg tannhelse.
 - Aukande utanforskap i kommunen, særleg i aldersgruppa unge vaksne (18-29 år). Aukande utanforskap syner seg mellom anna ved utgifter til økonomisk sosialhjelp, høg del uføretrygda i folkesetnaden og fallande gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.
 - Helse- og levekåra til eldre må styrkast.
 - Det er viktig å stimulera til folketalsvekst.

038/23 Handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prioritert handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024 blir vedteke slik det ligg føre.

16.11.2023 Eldrerådet

Behandling

Fleire tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

ELR - 038/23 Vedtak:

Eldrerådet si tilråding:

Prioritert handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024 blir vedteke slik det ligg føre.